

i ringen, og ringen samstundes sviv, kan det verta eit lite moro-poeng for dei to å finna ut kor siste paret er når dei vil slutta dansen og dansa inn på ny plass. Når paret har funne ut kor siste paret er, og er komne fram dit, må dei som lagar ringen, laga rekkjer. Rekkjene kan då verta ståande annleis i romet for kvar ny omgang av dansen.

No er ein omgang av dansen slutt, men musikken held fram utan stogg, og det nye fyrste paret dansar neste omgangen. Me må rekna med at alle skulle dansa åleine før dansen var slutt, og at han vart brukt av små ungdomsflokkar på kanskje 8–10 par i stovene.

OPPLYSNINGAR



Denne dansen er henta frå Bernt Støylen: Norske barnerim og leikar, Kristiania 1899, og heimfestinga lyder: «Fraa Telemark!». Dansen ligg i grenseland mellom leik, bygdedans og turdans når me brukar turdans i si vidaste tyding. Han har etter det Støylen skriv, vore dansa anten til spel eller til song, men han har ikkje ein fast tekst og tone slik som songleikane og er difor å sjå meir som ein slags danseleik enn som ein songleik. Me ville gjerne ha med ein dans frå Telemark i denne boka, og me finn at denne dansen fyller ein funksjon som gjer at me kan forsvara å ta han med, jamvel om opplysningane me byggjer på, er tynne. Når det gjeld oppstillinga, er det ikkje sagt noko om musikksida; det er eit omgrep som knapt har vore kjent i Telemark. Oppstillingar av denne typen som ikkje knyter seg direkte til kontradanstradisjonen, har ofte vore ordna slik at den leiande guten har hatt dei andre gutane til venstre for seg, og ikkje til høgre slik som i kontradansane. Difor har me valt dette som norm, men forklart det med den typen nemning me brukar i denne boka.



Denne dansen vert dansa til ein bygdedansslått, springar eller gangar frå Telemark.



Denne dansen må knytast til den lokale bygdedanstradisjonen som ein brukar, og sidan dansen er heimfest til Telemark, skriv me han ut frå springaren og gangaren i det distriktet. Elles i landet vil det mest naturlege vera å passa han til den lokale bygdedansforma på kvar stad. Sidan dansen etter alt å døma har hatt ei fri form, vel dansarane fritt dei stegformer og motiv dei vil bruka innanfor den bygdedansen som vert spela, og varierer gjerne. Det finst difor inga forklaring på slike tak eller steg her i boka. Dersom ein vil bruka dansen i andre distrikt, er det naturleg å ta i bruk dei lokale bygdedansslåttane der, og ikkje teleslåttar.

GILLERÅSEN

frå Gjemnes, Nordmøre

(Notar bak i boka.)

- OPPSTILLING** Tre par i god avstand etter kvarandre på ei rekkje vende mot musikken. Guten og jenta held saman med det lette taket (sjå teikning).
- TAK** For ledig hand: Dei som vil, kan setja ledig hand i sida. Det er fritt kva hoftefeste ein vil velja.
- STEG** Springsteg (S) eller bytomfotsteg som i polsdansen på Nordmøre (TSS/STS). I rettleiinga oppgjev me stega som springsteg, og 1 bytomfotsteg vil svara til 3 springsteg.

S-DELEN

Takt 1-4

Rekkja dansar 12 springsteg bakover

Takt 1-4

Rekkja dansar 12 springsteg framover

Alle tek til med appell på yste foten og dansar 12 små springsteg bakover frå musikken og så 12 springsteg framover mot musikken med appell på fyrste steget. På dei to siste stega stoggar dei to atterste para medan guten og jenta i fremste paret snur mot kvarandre og slepper taket, klar til neste del.

Takt 5-8

Fremste paret dansar rundt dei andre og stiller seg atterst - 12 springsteg

Guten og jenta i fremste paret dansar til høgre forbi kvarandre - jenta nærast musikken.

Guten spring ned på utsida av jenta i midtparet, inn mellom midtparet og siste paret, ut att framom guten i siste paret og inn på plassen bakom han.

Jenta spring ned på utsida av guten i midtparet, inn mellom midtparet og siste paret, ut att framom jenta i siste paret og inn på plassen bakom henne.


Guten og jenta kjem då til å dansa forbi kvarandre mellom midtparet og siste paret og møtest på plassen bak siste paret. Dei tek saman med det lette taket.

No har paret som var midtpar då dansen tok til, kome fremst, siste paret har kome i midten, og fyrste paret er kome sist. Dei har brukt 12 springsteg til denne delen, og dei tok til med appell.

Takt 5-8

Rekkja dansar 12 springsteg framover

Alle tek til med appell og dansar 12 små springsteg framover mot musikken. På dei to siste stega snur fremste paret seg mot midtparet og skifter hand.



Oppstilling

S-delen

Fremste paret har dansa seg rundt dei andre og stilt seg bakarst.

Smettinga

Fremste paret snur og dansar ned mot dei andre para. Dei lagar port for midtparet og smyg vidare under porten til siste paret.

SMETTINGA

Takt 9-24

Para byter plass - lagar port - smett under skiftevis - 48 springsteg

Para skal no byta plass med dei para dei møter, ved skiftesvis å lage port - skiftesvis å smette under. Fremste paret dansar frå musikken, midtparet og siste paret dansar mot musikken. Når fremste paret møter midtparet, lyfter det hendene til port, og midtparet smyg under. Når fremste paret møter siste paret,

er det fremste paret som smyg og siste paret som lagar port. Når eit par kjem fremst eller sist i rekkja, snur det mot dei andre para, byter hand og dansar andre vegen.

Når kvart par har bytt plass med kvart av dei to andre para 2 gonger og har kome til den plassen det hadde då smettinga tok til, har det dansa smettinga ein gong. Men det held fram utan stogg og dansar smettinga i alt 3 gonger. Alle tek til med appell og brukar 48 steg på smettinga.

Som me ser, vart det nytt fremste par etter S-delen og det paret dansar som fremste par både i smettinga og i S-delen i neste omgang. Det vert med andre ord nytt fremste par etter kvar S-del.

OPPLYSNINGAR



I Leikarvollen 1932:317 finn me referat frå eit leikleiarsskild i Oslo i august same året. Der heiter det: «M.a. fekk me læra to gamle turdansar som ikkje er nedteikna fyrr. Sigmund Espeland lærde frå seg «Gilleråsen», Tritur frå Nordmøre (same dansen er kjend i bygdene nær Troms under namnet Giljerosen), og . . .» Det er ikkje rett at Gilleråsen ikkje var nedteikna før, for han vart alt prenta i Leikarvollen 1928:483 under overskrifta: «Tritur frå Nordmøre (Og kalla «Gilleråsen») Uppteikna etter Johan P. Kvalvåg, Tingvoll ved Sigm. Espeland.» I Leikarvollen 1928:527 kom det jamvel ei lita retting og presisering frå Espeland til fyrste nedteikninga.

Etter leikleiarsskildet i Oslo sender Espeland ei ny, litt revidert nedteikning av dansen til Leikarvollen 1932:333.

Sigmund Espeland (1887–1934) voks opp i Fana og var med i ungdomslaget der. Han var ein svært aktiv folkedansinstruktør i mellomkrigsåra. Han spela fele og skreiv m.a. ofte til Leikarvollen om både musikk og dans.

Folk som hadde tilknytning til Ungdomslaget Framsteg på Hoem i Gjemnes, fortel på telefonen at Sigmund Espeland hadde leiksskild der hausten 1927. Dei meiner Espeland budde hjå Anders Kvalvåg, som spela på avsluttingsfesten. Johan P. Kvalvåg (1874–1968) var også spelemann og nabo til A.K. Fleire av dei minnest òg namnet Gilleråsen, og Borghild Hoem song eit lite rim som ho meinte heitte Gilleråsen og som ho høyrde Anna Røsdal, jamaldring til J.P.K., syngja i ein annan samanheng. Ho meinte det var eit vers av ei lengre skjemteise. Teksten var slik:

«Storsvarten va ein fullbra mann,
fast enn han lå i sorgjen,
smaka det gjord'en aldri det grann,
brødmolan lå i korgjen.»

Tonen liknar ein del på den Espeland skreiv ned til dansen.

I nedteikninga frå 1928 er stega i dansen «Bytumfotsteg som vert trødde so lett at dei verkar som springsteg.» I dei seinare nedteikningane vert stega berre kalla springsteg. Revisjonsnemnda meiner det fyrste kan vera ein freistnad på å forklara steg frå den lokale polsdansen. Ettersom mange ting knyter dansetypen til polsdans, m.a. stega i Troms-varianten, fører nemnda opp polssteg som alternativ. Det er då rimeleg å ta utgangspunkt i Todals-tradisjonen eller andre tradisjonar frå Nordmøre der ein har kjeldemateriale på film.

Det lokale namnet på dansen har nok vore Gilleråsen; nemninga tritur er det nok Espeland som har sett til, fordi det er tre par som dansar; dansen har ikkje noko med treturane å gjera.

I NF II 1948 heiter det: «Ein kan gjera som ein vil om ein vil ha hoftefeste eller ikkje i denne dansen. Men sjølvsagt må alle gjera det same.»



Musikken til dansen var prenta fyrste gong i lag med dansenedteikninga i Leikarvollen 1928:483. Han kjem att med nedteikninga i 1932 og så i NF III 1952 med opplysninga: «Er frå Nordmøre, oppskr. saman med dansen av Sigmund Espeland fyrst i 1930-åra.»

SLÅTTAR

Bygdedansslekta turdansar

1 GILLERÅSEN

frå Gjemnes

M.M. ♩ = 144 (K.S.)



Slåtten her er henta frå NF III-52. Han var fyrste gong prenta i Leikarvollen 1928:483 i ei noko enklare form. Nedteiknar er Sigmund Espeland; sjå musikkmerknad til dansen. Metronomtempo er gjeve av Klara Semb. Næraste jamføringsgrunnlaget for tempo er tradisjonsopptak av polsdans frå Nordmøre, spela til dans (Rff). Stikkprøver gjev tempo på ca. 148-160.

2 GILROSEN

frå Senja

M.M. ♩ ≈ 152-160

